



Gratis leksehjelp 1.-4.Trinn



Time kommune

- Time kommune tilbyr gratis leksehjelp til alle elevar på 1.- 4. trinn.
- Målet med leksehjelp er å gje støtte til kvar enkelt i læringsarbeidet, og leggja til rette gode rammer for sjølvstendig arbeid. Innhaldet i leksehjelp skal støtta opp om opplæringa i skulen, gje tidleg hjelp og læringsstøtte, og innarbeida gode arbeidsvanar.
- Leksehjelp er eit frivillig tilbod.
- Det vert gitt tilbod om 8 veketimar leksehjelp samla frå 1.- 4. trinn. Vanleg organisering er 2 veketimar leksehjelp på kvart årstrinn.
- Påmeldingsfrist for leksehjelp før nytt skuleår er 1. juni. Påmeldinga gjeld for heile skuleåret.

Skulane sender ut påmeldingsskjema.

- Oppstart av leksehjelp om hausten er 1. september (eller 1. kvardag etter denne datoen)
- Personalet vil vanlegvis vera fagarbeidar/assistent. Desse har politiattest.
- Det er ikkje rett til fri skyss etter leksehjelptida. Skulane prøver å organisera seg slik at elevar som treng skyss óg kan nytta tilbodet om leksehjelp.
- Tilbod om gratis leksehjelp i regi av skulane endrar ikkje på foreldra sitt ansvar for barna sin skulegang og leksearbeid. Noko leksearbeid må framleis gjerast heime.
- Kvar elev har ansvar for å nytta tida på leksehjelp til å gjera lekser/læringsarbeid.

Gratis leksehjelp i grunnskulen er heimla i Opplæringslova paragraf §13-7a.

NB: Påmelding til skulen din innan 1.juni



Time kommune

Postboks 38, 4349 Bryne • Tlf. 51 77 60 00 • Faks 51 48 15 00 • E-post: post@time.kommune.no • www.time.kommune.no